



NR 7

OKTOBER 1982

15. ÅRG.

Når såg me deg sjuk, Herre?

Det de gjorde mot ein av desse minste brørne mine, det gjorde de mot meg. (Matt. 25.40).

I Matt. 25 står det om nokon som spurde Jesus: «Når såg me deg sjuk»? Ein lyt minst vera blind og døv i dag for å ha dette til unnskyldning at ein ikkje visste om nauda. Jesus har sendt oss og gjeve oss sitt eksempel — omsorg for vår neste. Paulus har ei formaning til oss i 2. Kor. 8. om det å gje-

Framh. s. 6.



**Sundag 10. oktober
kan du hjelpe
menneske i naud!**

Då er det TV-innsamling — i år til humanitært arbeid som norsk misjon driv. Misjonen brukar pengane som kjem inn rett — det er velkjent for dei som har sett arbeidet på nært hald. Dessutan når dei ut til menneske som verkeleg lid naud.

Kven får hjelp av «Aksjon Håp»?

I samband med aksjonen er det kome søknader som representerer 100 millioner kroner. Prosjekta, på eitt nær, er ferdig utarbeidd, og

Til s. 2.

FRAMHALD FRÅ S. 1

dei aller fleste ligg i typiske u-land. Bygging av sjukestover, poliklinikkar, skular, kraftverk, hjelp til vassboring, drift av jordbruksprosjekt m.m. er mellom dei prosjekta vi skal hjelpa til med.

Her trengs ikkje å byggjast opp nokon ny organisasjon, for dei er alt på staden. Fagfolket (misjonarane) er der og. Pengane som kjem inn går direkte til dei ymse prosjekt. Noko utlegg vert det nok i samband med aksjonen, men institusjonar stiller hus og materiell til disposisjon, og innsatsen av frivillige hjelparar er svært stor.

du gir og for hjelpa i samband med aksjonen! Gåva di har mykje å seia for andre menneske.

Aksjonsdagen (frå kl. 16.00) vil det vera ute ca. 200 bøsseberarar rundt i Arna, og i år har ein lagt vinn på at dei skal vera vaksne.

**Aksjonskomitéen
i Indre Arna / Ytre Arna**

Kyrkjelydsskulen

minner om påmeldingsfristen for kursa: **tysdag 5. oktober.**

Kursprogrammet sto i september-nummeret av kyrkjelydsbladet, men program og opplysningar om kursa kan du også få ved kyrkjekontora i Arna og Ytre Arna.

Treng du skyss frå Indre Arna til kurset i Ytre Arna? Det går Åsane-buss frå Arna stasjon kl. 18.30. Retur frå Ytre Arna kl. 21.50.

Velkommen som kursdeltakar!

Biletu viser aksjonskomitéane — overst Indre Arna, nederst Ytre Arna. Dei har alt vore i arbeid ei tid for å førebu aksjonen.

Fra venstre: Brita Romslo, Ashjørn Birkeland, Sverre Myklebast, Ingmar Ljones, Dagny Middtun, Klara Ulveseter og Britt Lyden.

Fra venstre: Knut Kvamme, Johan Stein, Ase Johannessen, Odd Bjarne Fylkesnes og Torodd Hanstveit.

Foto: Dag Anton Boge



Ytre Arna Santallag 100 år



I år kan santalmisjonen sitt lag i Ytre Arna høgtida 100-års jubileum. Vi har i det høve tatt oss ein prat med formannen i laget Odd Bjarne Fylkesnes.

Fylkesnes fortel at det var Magne Teigland som i 1882 starta opp arbeidet med å skipa eige lag i Ytre Arna. Bakgrunnen var at han hadde vore ein tur i Bergen og høyrte Lars Skrefsrud tala. Magne Teigland var formann i laget i 38. år.

Om arbeidet i dag fortel Fylkesnes at dei har ei kvinneforening «Tusenfryd», som vart starta i 1928. Betsy Dale var med frå starten, og er fortsatt ivrig med i arbeidet. Ho er den einaste av dei som var med frå begynnelsen som i dag lever. Då det i denne foreninga er helst eldre medlemmer, som likar å koma saman om formiddagen, vart det i fjor starta ei forening av yngre folk. Så no er det to avdelingar i same foreninga. Kvar høst har dei basar.

Santallaget har også ei Bibel- og misjonsveke om høsten. Gjennom desse 100 åra er det mykje pengar som er samla inn. I alt er det sendt inn over 210.000 kroner til misjonen.

100-års jubiléet vert markert med ei møteveke i tida 19.-24. oktober. Med på møta vert Johan Nyhagen, Morten Pedersen og Frode Bilsbakk. Lørdag 23. oktober vert det jubileumsfest.

Vi i kyrkjelyden vil få ynskja Ytre Arna Santallag hjarteleg tillukke med 100-års jubiléet, og ynskja dei Guds signing over arbeidet vidare.

Når kan vi ha dåp? Misjonsfest 3. oktober

Det er vanleg no at dei som ynskjer dåp tar kontakt med kyrkjekontoret i god tid og avtalar tid for dåp. I Arna kyrkje er no dåps-handlingen lagt til faste gudstenester. Dei søndagane det er nattverd viser det seg å vere vanskeleg å ha dåp fordi gudstestene då vert svært lange. Det vert difor høve til å ha dåp dei søndagane det ikkje er nattverd.

Vi kan i den samanheng nemne at vi ikkje lenger har dåp utanom høgmessene søndag formiddag. Denne ordninga har vi praktisert ei tid og det ser ut til å fungere godt.

Det har vorte ein tradisjon at Det norske misjonsselskap skipar til misjonsfest i Arna bedehus første søndag i oktober. Denne gongen er det den nye formannen i Bergen krins, kalls.kap. Knut Sørheim frå Askøy, som vert talar.

Alle foreningane i prestegjeldet er spesielt velkomne til denne festen.

Kyrkjelydsfest

Arna kyrkjelyd har fest på Indre Arna bedehus søndag 24. oktober kl. 18.00. Talar vert domprost Nils Monstad.

Familieside

DØYPT

Arna sokn:

1/8: Eivind Birkeland Alfheim.
Døpt i Åsane kirke.

8/8: Tor-Erik Lund, Svein-Erik Hauge. Knut Geir Aga Kjærgaard, døpt i Utne Kirke.

22/8: Catrine Vik, Kristina Mæstad, Trond Are Heggernes, Magne Juuhl, Gunnar Juuhl, Bjørn Mjeldheim, Kristian Kvamme.

5/9: Linn Hege Berland, Hanne Listøl Vindenes.

Ytre Arna sokn:

1/8: Vibecke Skjelvik.

15/8: Marthe Cornelia Pacher.

5/9: Susanne Kathrine Nesse, døpt i Arna.

VIGDE

Arna sokn:

31/7: Ragnar Kristoffer Jørgensen og Ingrid Johanne Garnes.

7/8: Dagfinn Garnes Johnsen og Rita Helen Kollstrøm.

7/8: Gisle Andreas Havre og Inger Margrethe Sætrevik.

20/8: Erlend Johan Aas og Reidun Herland.

28/8: Arne Rogne og Margaret Schønningsen.

28/8: Gerhard Malkenes og Mariann Midtun.

28/8: Torleiv Håbrekke og Marianne Lie. Vigde i Strandebarm.

4/9: Edvin Sørstrønen og Elfi Charlotte Moss.

11/9: Frode Haga og Marit Nævdal.

Ytre Arna sokn:

3/9: Per Brunborg og Tone Rokne. Vigde i Birkeland kirke.

DØDE

Arna sokn:

27/7: Henrik Wiken, f. 1890.

2/8: Martha Steinsland, f. 1893.

5/8: Einar Ytre Arne, f. 1933.

25/8: Johanne Mølster, f. 1897.

29/8: Sara Kristine Lohne, f. 1914.

Ytre Arna sokn:

23.8: Martha Elisabeth Eide, f. 1896.

28.8: Agathe Mathilde Fonn, f. 1897.

29.8: Lars Vesetvik, f. 1907.

20.8: Knut Aadland, f. 1901.

Ofringane i kyrkjelydane

ARNA:

25/7: Kyrkjelydsarb. 636,-

8/8: Den indre sjøem. misj. 1350,-

15/8: Misjon bak jernt. 1559,-

22/8: Folkebevegelsen for

livsrett og menneskeverd

1800,-

5/9: Kyrkjelydsarb. 1503,-

12/9: Kyrkjelydsarb. 2341,-

YTRE ARNA:

1/8: Blå Kors 421,-

22/8: Modum Bads

Nervesanatorium 672,-

5/9: Kyrkjelydsarb. 830,-

12/9: Norges Kr. Ungd.forb. 691,-

Anonym gåve til pianoet

i kyrkja: 500,-

Presten
har
ordet



KYRKJE- LYDEN TRENG DEG

Når arbeidet startar opp om hausten er det alltid spørsmål etter frivillig innsats. Det gjeld i høg grad også i kyrkjelydsarbeidet. Kyrkjelyden har ein del fast tilsette arbeidrarar, men vi har ikkje løyst spørsmålet med det. I røynda er det vel slik at dess fleire tilsette ein kyrkjelyd har, dess fleire frivillige skal det til for å gjere ein effektiv innsats.

Mange gjer eit truttast arbeid i lag, foreiningar, styre og emner. Andre kjenner på at dei har nok med seg og sitt og lite overskot til å ta fatt på frivillige oppgaver. Men ingen har lov til å la utfordringa ligge. Vi veit at den Gud har kalla til å vere kristen, har han og utrusta til teneste (1. Pet. 4:10). Det betyr at Gud har ein plass til deg i kyrkjelyden.

Mi utfordring idag er at du må vere open og villig når du får konkrete spørsmål, og spørje deg sjølv og din Gud om det er dette Gud vil du skal gjere.

Kva kan vi vere med på?

– Kyrkjekoret treng songarar

– Vi treng truleg nokon med det tørste som kan gå med kyrkjelyd-bladet.

– Vi planlegg å vitje dapsbor eldre på dapsdagen. Noko for deg?

Eg kunne lage ei lang liste, men la dette vere nemnt denne gongen. Du skal i alle fall ikkje vere tvil om at kyrkjelyden treng deg – og du treng kyrkjelyden for å leve som ein kristen.

Øyvind Øy

MØTE

INDRE ARNA BEDEHUS

Sundag 3/10: Misjonsfest kl. 18.00. Tale v/kållskap. Knut Fr. Sørheim. Sang Synnøve og John Jensen. Bevertn. Misjonsoffer til NMS.

12.-17. okr.: Møteveke v/Alfred Helland. Møta tek til kl. 19.30, søndag kl. 19.00.

26.-31. okt.: Ungdomsveke v/Tore Mangersnes og Oddbjørn Brunstad. Møta tek til kl. 19.30, søndag ungdomsgudsteneste kl. 19.00.

21. okt.: Eldretreff kl. 17.00.

24. okt.: Kyrkjelydsfest kl. 18.00.

BETANIA, LONE

5.-10. okt.: Offerveke for Indremisjonen. Tale v/Audun Myksvoll.

16.-17. okt.: Møte for Den norske muhammedanermisjon v/Generalsekretær Olaf Toft. Lørdag Teffest m/utlodning.

26.-31. okt.: Offerveke for Misjonsambandet. Tale v/Kristian Gangstø og Atle Berland.

YTRE ARNA BEDEHUS:

19.-24. okt.: Møteveke for Santalmisjonen. 23. okt. jubileumsfest.

HAUGLAND BEDEHUS:

3. okt.: Møte for Norsk Lærarakademi. Tale v/Hermann Nau, sang v/Fredheim musikklag.

Heile kyrkjelyden syng, Ytre Arna

Vi samlast i Ytre Arna kyrkje søndag 31.10. kl. 17.00

Ytre Arna barnekor, Yngste Røyster, kyrkjekoret, song- og musikklaget i Ytre Arna og Arve Brunvoll vert med.

Alle er velkomne.

FRAMHALD FRÅ S. 1

va. «Denne gongen er det de som har overflod og kan hjelpe — den som fekk mykje hadde ikkje meir enn han trong, og den som fekk lite, venta ikkje noko».

Så lat oss ikkje bli gripen av motløyse men heller sjå på kva som kan gjerast, for me kan gjera noko, me kan også gje hjelp som rekk lenger enn til dagen i dag.

Det skal vera «Aksjon Håp» i Norge. «Aksjon Håp» det høyrest lovande ut, og me gler oss, gler oss til å vera med å formidla hjelpa t.d. fram til ei fattig enke med stor barneflokk, eit tuberkuløst barn, ein heimlaus familie som mista alt under den årlege flommen i august i år.

Kvinna og guten på bilete møtte eg i køen. Han heldt om ei tom flaske i von om å få litt medisin med seg heimatt. Han var 8 år og vog 11 kilo, uttrykket i ansiktet var alvorleg. Han ville ikkje ha mat, sa mora, berre litt ris av og til, og så vart det med det. I alt var det 10 born heime, så det var kanskje litt knapt med mat også? I allefall hadde ho 3 til som var «slike tynne», som mora sa.

Kva treng guten? Mat og medisin for infeksjon, malaria og makk i magen hadde han i allefall, og kanskje andre infeksjonar også, tuberkulose var ikkje usannsynleg.

Dessutan jerntablettar og vitamintilskudd. Mora måtte få veiledning i rett og nyttig kosthold.

Så gå på heimebesøk, sjå på brønn og latrineforhold, kanskje gje hjelp til å få i stand ein liten grønnsakhage, og prøva å vera praktisk og realistisk i si hjelp.

Dette er litt av det me prøver å gjera i Helseprosjektet som Santalmisjonen driv i Bangladesh,

og som de kan vera med og støtta gjennom Aksjon Håp i Norge.

Vi har vår daglege «Aksjon Håp» her ute, det er mange tomme hender rekt ut moy misjonæra for å få mat for dagen i dag, og medisin til lækjedom. Nauda er så stor og fattigdommen så djup at dei fleste lever i nuet og brukar alle sine krefter og innsats på å overleva i dag.

Så vonar vi det vert nokon her ute som merka at dei ikkje vanta noko — eller i allefall hadde litt meir enn ingenting — fordi det hadde vore «Aksjon Håp» i Norge.

Ottar Hope
lækjar,
misjonær i Bangladesh

Konfirmasjonstida

har teke til. Det har i alt meldt seg 234 konfirmantar i år, 46 i Ytre Arna og 188 i Arna kyrkjelyd.

Flokken er delt inn i 13 parti, og det er konfirmantundervisning på desse stadene: Ytre Arna (3 parti), Lone (3), Ådnamarka (2), Indre Arna (2), Garnes (2) og Trengereid (1). Konfirmantlærarar er Harald Sundsbø, Øyvind Øy, Harald Haugsvær og Målfrid Sandvik.

Ved sida av undervisningstimar med prest eller kateket har konfirmantane også 6 gruppesamvære med frivillige gruppeleiarar.

Til saman trengst det leiarar til 35 konfirmantgrupper. Til no har det ikkje meldt seg mange nok leiarar, så det er litt usikkert om alle konfirmantane får dette tilbodet i år.

Er det nokon fleire som vil gå inn i oppgåva som gruppeleiar, så ta kontakt med kateket M. Sandvik snarast!

**Solstrands
Blomsterforretning**
Hollendergt. 4, tlf. 23 20 50

**Solstrand
Begravelsesbyrå**
Herm. Fossgt. 11, tlf. 23 20 50
Alltid til tjeneste

VESTLANDSBANKEN

Banken i Arna — for Arna-folk, der alle kundar, store som små, er hjarteleg velkomne.

VESTLANDSBANKEN,
avd. Arna

EPELAND GARTNERI

Telefon 24 08 09
Blomsterforretning
Hagesenter
Kransebinderi

EPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Telefon 24 08 08
Begravelser og bisettelser ordnes. Transport med egen bil. Annonser, sanger, sløyfer. Monumenter besørjes oppsatt.

ARNA SPAREBANK

Indre Arna · Espeland · Ytre Arna
Banken i Arna frå 1866
Banken der du bur

— til bygdefolket sitt
beste gjennom 115 år.

Skal det vera TV — Elektrisk — Belysning. Hugs at vi har laveste pris, og det De kjøper her kan De få reparert her.

ARNA ELKJØP A/S

Ytre Arna — telefon 24 11 88
Arnatveit — telefon: 24 19 70

Vi er tilsluttet landets største kjede av elektriske forretninger
EL-KJØP



Aut. bilverksted
Aut. dekkforhandler

GODE TILBUD
PÅ DEKK OG
REKVISITA!

GOD SERVICE —
RIMELIGE PRISER —
HYGGELIG MILJØ!

Velkommen til vår
bensinstasjon!

Arnatveit Auto Senter

J.B. Myklestad

5260 Indre Arna
Tlf. 24 07 40



Velkommen til kyrkje

3. okt.:

Arna kl. 11.00: Søndagsskulens dag. Familiegudsteneste v/sokneprest Øy. Garnes Barnerøster. Lone Skulemusikk. Offer til Bergen Søndagsskulekrets.

Ytre Arna kl. 11.00: Familiegudsteneste v/res.kap. Sundsbø. Yngste Røster og Ytre Arna barnekor. Kyrkjebrus. Offer til Bg. Søndagsskulekrets.

10. okt.:

Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Offer til Aksjon Håp. Søndagsskule.

17. okt.:

Arna kl. 11.00: Akademilektor Arve Brunvoll. Offer til Norsk Lærerakademi. Søndagssk.

Ytre Arna kl. 11.00: Dosent Helge Mæhlum. Offer til Norsk Lærerakademi.

Trengereid kl. 11.00: Familiegudsteneste v/sokneprest Øy. Offer til Kirkens Nødhjelp.

24. okt.:

Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy. Nattverd. Offer til kyrkjelydsarbeidet. Søndagsskule.

Ytre Arna kl. 11.00: Sokneprest Helge Hitland. Offer til Santalmisjonen. Kyrkjekaffi.

31. okt.:

Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Offer til Bjørgvin bispedømeråd. Søndagsskule. Kyrkjekaffi.

Arna kl. 19.00: Ungdomsgudsteneste.

Ytre Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy.

Ytre Arna kl. 17.00: Heile kyrkjelyden syng.

Haukeland kl. 16.30: Res.kap. Sundsbø.

ARNA PRESTEGJELD

Kyrjekontoret Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.

Kontortid: Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.

Torsdag kl. 17.30-19.00.

Kyrjekontoret Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, Peter Jepsensv. 39:

Tlf. 24 23 03.

Kontortid: Tysdag kl. 17.00-18.00.

Onsdag og fredag kl. 10.00-11.30

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna.

Redaksjonsnemnd: Sylvi Sæle, Bjørg Risøy, Laila Ueland, Audun Rønhovde, Evy Bjerga, Harald Sundsbø.

Forretningsfører: Bjørg Hellesøy.

Bladpengar: kr. 25,-.

Postgiro nr. 3104445 eller bankgiro 8440.21.01856.

Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

Frist for innlevering av stoff til nr. 8 – 8. okt.